

KULTURMINNEVERNPLAN

FOR

SKJÅK



**"GJE' VÅRHERRE OSS SOL SKA' OSS
SJØLVE SKAFFE VÆTE."**

Revidert/oppdatert plan, godkjent i Skjåk kommunestyre sak xxx/xx.

ORD TIL ETTERTANKE:

" Det er de grupper som mangler innsikt og kjærlighet for sin egen kultur og sine egne verbale særegenheter som diskriminerer og mobber. Når de økonomiske kreftene i dag bereder grunnen for en rasering av vår egen kultur, legger man også forholdene til rette for en diskriminering av andres."

*Sara Lidmann i eit intervju
for nokre år sidan.*

INNHALD

| | |
|--|---------|
| Innhald | SIDE. 3 |
| 1.0.Forord | " 5 |
| Del 1 OVERSIKTSPLAN FOR KULTURMINNEVERNET I SKJÅK | " 7 |
| 1.1.Generell del | " 9 |
| 2.0.Rame for planområdet | " 15 |
| 2.1.Materielle kulturminne | " 15 |
| 2.2.Immaterielle kulturminne | " 22 |
| 3.0.Registreringsarbeid | " 23 |
| 3.1.Arbeide som er gjennomført/igangsett | " 23 |
| 3.2.Planlagde registreringsarbeid | " 25 |
| 4.0.Kva er spesielt for Skjåk i høve til andre bygder | " 27 |
| 4.1.Vatn. Tradisjonar kring nytting av vatnet | " 29 |
| 4.2.Jakt- og fangst-tradisjonane | " 30 |
| 4.3.Handverkstradisjonane | " 30 |
| Del 2 HANDLINGSPLAN FOR KULTURMINNEVERNET I SKJÅK | " 33 |
| 5.0.Handlingsplan. Innleiing | " 34 |
| 5.1.Satsingsområde | " 36 |
| 5.2.Prioriterte kulturminne | " 38 |
| 5.3.Spesielle felt som treng omtale | " 54 |
| 5.4.Utgreiing om dei enkelte tiltaka i handlingsprogrammet | " 55 |
| 6.0.Handlingsprogram | " 57 |

Kulturminnevernplan for Skjåk

1.0. FORORD.

Til å revidere kulturminnevernplanen for perioda 2010-2014 valte kulturutvalet ei nemnd for det arbeidet, men som og skulle stå for tiltak i samband med kulturminneåret.

Nemnda har vore samansett slik: Anne Gro Skjåkødegård, Sylfest Lykre, Oddbjørg Hyrve Dagsgard, Mathilde Skamsar, Rolv Kristen Øygard, Solveig Holø Kleiven, Ola Skrinde, Bjørn Dalen og Susanne Ramstad Brenna.

Kulturminnevern er svært omfattande og sett frå kommunen si side må det vera viktig å få til eit samspel mellom dei ulike lag og organisasjonar med sitt frivillige arbeid og den kommunale kulturetaten samt, skule, arkiv, bibliotek og kanskje interkommunalt museum.

For å samle og å ta vare på er ein viktig ting, men det er og viktig å kunne presentere og lære av vår kulturhistorie. Eit samordna undervisnings opplegg av lokal historie og heime-kunnskap i barnehage og skule vil sikre felles kunnskapar og vera viktig for at dei unge kan forstå fortida . Tilrettelegging via Skjåkprosjektet av kulturstigar ol. er og positivt.

Ved revisjonen har ein bygt på tidlegare kulturminnevernplaner.

Det vart vurdert ei omlegging av planen, men i denne omgang var nemnda samd om å ha ein passiv del som syner tankar og problemstillingar i tidlegare planarbeid.

Den "aktive" delen med handlingsprogram er vårt forslag vi ber politikarane ta stilling til.

Nemnda har prøvd å halde seg på eit realistisk økonomisk nivå, ekstern finansiering må vurderast på enkelte punkt.

Det har lenge vore etterlyst lokalar der ein kunne arrangere utstillingar mm. Da det nå vert arbeidd med bruk av gammalt kommunehus til kyrkjelydshus og sentrumsplan for Bismo i tillegg til plan om renovering av ungdomsskulen med tilbygg, har ikkje nemnda gått inn i den problematikken, men vi er spente og vonar ein finn løysingar med tanke på utstillingslokale.

Om ein samanlikner med tidlegare planar ser ein at tre tunge prosjekt er borte, Ofossen mølle, Skei tunet samt nemnte kommunehus er vel i ferd med å finne andre gode løysingar.

Nemnda er og kjent med at Skjåk Energi arbeider med å ta vare på og utvikle det gamle kraftverket ved Aura.

Når handlingsprogrammet har ei så stor overvekt av immaterielle tiltak skuldast det ikkje mangel på materielle prosjekt, men ein ser at desse må finne løysingar av meir privat karakter.

Innsamling av kjeldetilfang går vidare, men vi meiner det vil vera ein fordel å få betre oversikt over kva som er gjort og som vil gjera det enklare å prioritere.

Elles er nemnda av den oppfatning at det må utarbeidast ein plan for å ta vare på enkelte gravminner, dette må vel ordnast av kyrkjelege organ eventuelt i samarbeid med kommunen.

Nemnda står samla bak forslaget, men vi ser at det er mogleg å koma til andre konklusjonar. Når planen nå går til vidare handsaming og vert lagt til høyring vonar vi

Kulturminnevernplan for Skjåk

på kommentarar og innspel som eventuelt kan arbeidast inn i denne planen eller vera med i grunnlagsmaterialet når planen seinare skal reviderast.

Skjåk, 5.oktober 2009
Ola Skrinde
Leiar i plannemnda



Skjåk mot vest frå synna Brua, foto Per Dagsgard.

DEL 1

OVERSIKTSPLAN

FOR

KULTURMINNEVERNET

I

SKJÅK

Kulturminnevernplan for Skjåk

1.1. GENERELL DEL.

Miljø- og næringsutvalet gjorde under handsaminga av planen vedtak om at den skal rullerast kvart år og at det skal gjennomførast hovedrevisjon kvart 4.år.

1.1.1. DEFINISJONAR.

Kulturminne - Blir brukt slik det er definert i kulturminnelova §2: Med kulturminne meiner ein alle spor etter menneskjeleg verksemnd i vårt fysiske miljø, med dette og lokalitetar det er knytt historiske hendingar til

Kulturmiljø – Eit område der kulturminne inngår som ein del av ein større heilskap eller samanheng

Kulturlandskap – Mennskjeforma landskap som inneheld biologiske og kulturhistoriske element

Kulturvern – Å taka vare på kulturelle verdiar, både materielle (faste og lause ting) og immaterielle (t.d. stadnamn, tradisjonar, folkemusikk, segner)

Kulturminnevern – Å taka vare på kulturminne

Formelt vern – Vern ved bruk av lovgjeving eller tinglyst avtale. Det finst ulike former for slikt vern:

- **Freding:** Skjer med heimel i kulturminnelova(KML)
 - **Automatisk freda kulturminne:** Alle kulturminne før 1537 (refomasjonen), og samiske kulturminne eldre enn 100 år. Desse objekta er freda direkte etter KML utan fredningsprosedyre med tinglysing. Legal freding er også eit omgrep som blir brukt som same gruppa kulturminne. Automatisk freda kulturminne vart tidlegar kalla fornminne. Omgrepet fornminne vart teke ut av KML ved revisjonen i 1992.
 - **Vedtaksfreda kulturminne:** KML gjev heimel for å gjere vedtak om å frede kulturminne yngre enn 1536. §15 gjev heimel for at Riksantikvaren kan frede bygningar, anlegg m.v. frå nyare tid. §19 gje Riksantikvaren heimel til å frede eit område rundt eit freda kulturminne. §20 gje Miljøverndepartementet heimel til å frede kulturmiljø. Fylkeskommunane har heimel til mellombels freding (§22.4).
 - **Vern- og vedlikehaldavtale:** Dersom ein eigar får tilskot på meir enn kr.50.000 frå Riksantikvaren til å setje i stand eit kulturminne som ikkje er freda, stiller Riksantikvaren som vilkår for utbetaling av tilskottet at det blir inngått ei tinglyst vern- og vedlikehaldsavtale
 - **Regulering til spesialområde – bevaring:** PBL gjev i §25 pkt.6 heimel for å regulere til spesialområde, "herunder områder med bygninger og anlegg som på grunn av historisk, antikvarisk eller annen kulturell verdi skal bevares".

Kulturminne frå nyare tid: Kulturminne frå tida etter reformasjonen og fram til i dag. Desse kulturminna har ikkje noko automatisk vern i kulturminnelova med unntak av myntar som før 1650, bygningar frå før 1650 og skipsfunn eldre enn 100 år.

Verneverdig: Ikkje alle kulturminne kan vernast, men ein må gjere eit utval av det som er verneverdig. For å kunne definere og velgje ut kva som er verneverdig, må ein ha eit sett med kriteria for vurdering av verneverdi.

Bærekraftig utvikling: Eit bærekraftig kulturminnevern har vi når generasjonane i framtida får same vilkår som oss til å forstå og oppleve historia gjennom kulturminne.

1.1.2 FORHOLDET TIL ANDRE PLANAR

Planstatus

Planen har tidlegare hatt status som kommunedelplan og vi har brukt prosedyre for dette etter plan- og bygningslov. Ved å bruke denne planforma må ein følge ein fast planprosess som består av:

- melding av planoppstart
- høyring-utlegging til offentleg ettersyn
- vedtak i kommunestyret

Planen blir ein tematisk kommunedelplan utan juridiske bindingar. Med bakgrunn i eit kommunestyrevedtak vil den setja ramer og vera førande for arbeidet på området.

Følgjande tidlegare planar er brukt som referanse i arbeidet med revisjonen:

EKSTERNE:

1. Fylkesplan for Oppland 2005-2008
 - a. Handlingsplan for kulturminner 2007-2010

- Skilting og tilrettelegging av kulturminner i Oppland

INTERNE:

1. Kommuneplan for Skjåk 2006- 2016
 - a. Kulturminnevernplan for Skjåk 1993 revidert 2001
 - b. Utmarksplan for Skjåk 1999

Kommuneplan for Skjåk 2006 - 2016, har følgjande visjon:

SKJÅK - EI GOD BYGD Å BU I – VISJON

Skjåk kommune skal bruke ressursane kommunen rår over effektivt og sosialt rettferdig slik at velferda til innbyggjarane blir så høg som mogleg. Vi skal vidare, med ei open og framtidsretta innstilling til omverda, arbeide for å ta vare på og utvikle eigenarten til bygdesamfunnet. Innbyggjarane skal få høve til å bruke evnene sine og delta på alle område av samfunnslivet.

Kapittel 2. Kommunen som utviklingsaktør og tenesteprodusent, I Underkapittel 2.1.3 Kulturminne heiter det:

2.1.3. KULTURPOLITIKK.

Kultur er sjølve bærebjelken for identitet og oppleving av å høyre til i eit lokalsamfunn.

Det er viktig å ta vare på lokal eigenart, men samstundes vera open for nye impulsar slik Skjåk har lang tradisjon for. Det ligg eit stort potensiale for nytting av kultur i næring. Personar med gode idear som vil satse bør prioriterast Statleg nedprioritering av infrastruktur i utkantane er ei stor utfordring også for kulturlivet. Utvikling av kulturytringar kan vera verkemiddel for å skape attraktive miljø. Skjåk er ei kommune langt frå dei store befolkningssentra i landet, og dei demografiske forholda i kommunen er ei utfordring. Vi må nytte moglegheitene i kulturen sine mange ytringsformer for å skape eit så attraktivt lokalsamfunn som mogleg. Det er ei utfordring leggje opp ein kulturpolitikk som gje mest mogleg ringverknader ut ifrå dei ressursane ein har til rådvelde

Mål:

Skjåk kommune skal, med ei open og framtidsretta innstilling til omverda, føre ein kulturpolitikk som utviklar både den materielle (kulturlandskap og fysiske kulturminne) og immaterielle eigenarten til bygdesamfunnet slik at innbyggjarane får høve til å bruke evnene sine og til å delta på alle område av samfunnslivet.

Kommunen skal medverke til å skape trivsel for alle som bur i Skjåk. Kulturpolitikken skal derfor så langt råd er leggje til rette for at alle får høve til å utfalde evnene og interessene sine gjennom meningsfulle kulturaktivitetar. Kommunen skal særleg leggje vekt på aktivitetar for barn og unge. Kulturpolitikken skal medverke til å utvikle Skjåk som eit levande lokalsamfunn. Den lokale kulturen skal bli teken vare på og stadig fornya på grunnlag av impulsar utanfrå. For å nå måla som til kvar tid er vedtekne, er det viktig at kommunen har ei sterk kulturavdeling som ein sentral del av den kommunale verksemda. Dette er serleg viktig i ei tid med aukande behov for fritidsaktivitetar. Kommunen skal vere ein pådrivar og støttespelar ut ifrå dei politiske prioriteringane som blir lagde til grunn.

Hovudstrategiar:

Skjåk kommune skal:

- * sørge for at kommunen til kvar tid har ei sterk/markant kulturavdeling – ei "adresse" for kultur i kommunen*
- * leggje til rette for eit sterkt og livskraftig bygdesenter i Bismo som kan tilfredsstill*

dei krav til kulturell ytring og omgjenge som nye generasjonar ser som ei sjølvfølgje

for at dei skal vurdere å busette seg her.

** .arbeide for å utnytte potensialet som ligg i området Dønfoss for reiselivsutvikling/bruk*

til kulturytring bl.a. i tilknytning til Øyberget Besøkssenter.

** .utvikle, dra til seg og støtte opp under tiltak – utvikling av kultur i næring.*

** støtte opp under kulturelle tiltak der folk bur.*

** bruke dei økonomiske ressursane som er til rådvelde som ein stimulans til å fremja*

det friviljuge kulturlivet

** Sjå dei samla ressursane på kultur i samanheng for å utnytte ressursane best mogeleg.*

** oppretthalde eit godt utbygd kulturskuletilbod*

** sikre eit moderne og kvalitetsmessig godt bibliotek som ressurscenter for innbyggjarar,*

tilreisande og ikkje minst elevar og studentar

** samarbeide med andre kommunar om kulturarbeidet i regionen når dette er Formålstenleg*

2.1.5. KULTURMINNEPOLITIKK.

Riving/salg av eldre verneverdige bygningar og behandling av rivesaker for desse har vore konfliktfylt da kommunen ynskjer å ha desse som eit landskapselement.

Det er oppdaga skade på automatisk freda kulturminne (bl.a. elg/reinsgraver)

Det kan vera ynskjeleg å få til ei nytting av Museet i Nord Gudbrandsdalen som

institusjon og også få ein lokalitet for lagring evt. framsyning av gjenstandar-presentasjon

av kulturminne og kulturminneytringar og eit kulturelt senter/”tun”

Hovedmål for planen.

Skjåk kommune skal vere med å skape heimstadkjensle for innbyggjarane i Skjåk kommune. Vi skal styrke reiseliv og landbruk ved ymse tiltak og arbeide fram næringssskaping med bakgrunn i kulturminnevernet

Hovedstrategiar.

Skjåk kommune skal:

- til kvar tid ha ein oppdatert kulturminnevernplan*
- ta vare på den gamle vatningskulturen, jakt – og fangsttradisjonane og handverkstradisjonane*

1.1.3. KVIFOR KULTURVERN? (Innleiing og bakgrunn)

Det overordna målet for kulturpolitikken i Norge er å "skape eit kvalitativt betre samfunn". Av moment som er lagt til grunn for dette målet er:

- ein levande kulturarv.
- gode nærmiljø.
- kvalitet og fornying.

Alle desse momenta grip inn, og er viktige, i kulturvernsamanheng.

Å ta vare på kulturminne kan hjelpe til med å sikre at folk får ei plattform å stå på og røter i dei daglege omgjevnadene sine. Vi kan ikkje ta vare på alt, derfor er det viktig å finne ein leveleg mellomveg så vi kan ta vare på dei kulturverdiane som vår tid og framtida ikkje har råd til å vera utan. Støtte i dette arbeidet har vi i samfunnet som har laga lover, verneplanar og tilskotsordningar som "instrument" og hjelp.

1.1.4. ORGANISERING.

Ein skil mellom det **offentlege** og **friviljuge** kulturvernet. Når det gjeld ansvaret for kulturvernet generelt, er det klart at dette er ei offentleg oppgave.

Det offentlege kulturvernet blir ivareteke av:

Kultur- og kirke departementet.

- musea og tilskotsordningane til halvoffentleg museum.

- Statens museumsråd.
- Arkivverket.
- den immaterielle kulturtradisjonen.

Miljøverndepartementet.

- planavdelinga.
- avdeling for naturvern og friluftsliv.
- ressursavdelinga.
- riksantikvaren.

Fylkeskommunen.

- er delegert mynde etter kulturminnelova og plan- og bygningslova og er utøvande styresmakt i saker som gjeld kulturvern.
- stå for bygningsvern og handsaming av arealplanar.
- tilrå lån på antikvarisk grunnlag.
- vere fagleg ansvarleg for SEFRAK.
- ha fagleg ansvar for musea og administrere tilskotsordninga i fylket - arbeide for immaterielt kulturvern.

Kommunen.

Kultur og oppvekstutval:

Hovedansvar for kulturvernet herunder kulturminnevernet.

Miljø- og næringsutval:

Ansvar for kulturvernet i kommunen, utan lovheimel.
Ansvar for byggjesaker og utarbeiding av arealplanar
Ansvar for forvaltning i høve Miljøvernlova

Frivillige kulturvernorganisasjonar.

Sentrale

- Fortidsminneforeningen
- Stiftelsen Norsk Kulturarv
- Forbundet KYSTEN
- Norsk forening for fartøyvern
- Landslaget for lokalhistorie
- Norsk kulturvernforbund

Lokale

- Skjåk Historielag
- Skjåk Husflidslag
- Skjåk spel- og dansarlag

Dei fleste lokale organisasjonane er tilslutta sentrale organisasjonar, ofte med eit fylkeslag som mellomledd. Andre lokale organisasjonar som har andre hovudmålsetjingar utfører deloppgåver av stor verdi innan kulturminnevernet.

1.1.5. LOVHEIMLAR.

Fleire lover har ein funksjon innanfor kulturvernområdet:

- Lov om kulturminne av 9.juni 1978.
- Plan-og bygningslov av 14.juni 1985.
- Lov om naturmangfald av 1.juli 2009.
- Lov om kirker og kirkegårde av 3.august 1897.
- Lov om presteboliger og prestegårder av 9.desember 1955.
- Lov om målbruk i offentleg teneste av 11.april 1980.
- Lov om avleveringsplikt av trykksaker til offentlige biblioteker av 9.juni 1939.
- Vegloven av 21.juni 1962 nr.23.
- Jordlova av 18. Mars 1955 nr.2.
- Skogbrukslova av 21.mars 1965.
- Oreigningslova av 23.oktober 1959.
- Lov om stadnamn av 8.mai 1990.

Kvifor ta vare på kulturminne?

- **Kunnskapsverdiar**
 - kjelde til våre historie
 - lære om verdifullehandverk, teknikkar og driftsformer
- **Identitetsverdiar**
 - Nasjonsbygging
 - Gje serpreg til eit område/kommune
- **Opplevingsverdiar**
 - forstå samanhengen mellom gammalt og nytt
 - lære av audmjukheita til forfedrane våre
 - gje den enkelte heimstadkjensle
- **Estetisk verdi**
 - verdien i serpreget til eit kulturminnene
- **Bruksverdi**
 - restaurere/ta vare på er ofte billegare enn å bygge nytt
 - grunnlag for styking av reiseliv og anna næringsverksemd

2.0. RAMME FOR PLANOMRÅDET.

Kva vil planen ta for seg?

Det vil her bli lista opp i stikkordsform det som fell inn under begrepet kulturminnevern i Skjåk. For kvart stikkord er det nemnt **eit eller nokre eksempel** for at dei som studerer planen skal kunne reflektere over konkrete moment knytt til stikkordet.

Eit døme: Under stikkordet ELGGRAVER, er Tundramo/Oppnosi nemnt som døme. Vi har elggraver mange andre stader i bygda, men området er eit typisk elggravområde og derfor representativt for begrepet og fint som eksempel.

2.1. MATERIELLE KULTURMINNE.

Handgripelege spor etter menneskjeleg verksemd. Materielle kulturminne har ofte ei eller anna vinkling mot økonomi. Dei representerer ofte sjøl større eller mindre verdiar, alt etter som ein ser det. Radt kan dei liggja slik til at eigaren vil nytta staden til noko anna.

Mange set likskapsteikn mellom kulturminne og pengeverdi, fordi det er vorte god økonomi å ta vare på kulturminne.

Tidlegar var ofte spørsmålet : **KVA HAR VI RÅD TIL Å TA VARE PÅ ?**

No er spørsmålet meir: **KVA HAR VI RÅD TIL Å KASTE ?**

Før kom nye hus og nytt innbu som friske impulsar i ein grå og stillestående kvardag. No er det det gamle som verkar friskt og levande i ein einsformig og livlaus arkitektur og eit einstonig interiør.

2.1.1. AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE

- MINNE ETTER JAKT/FISKE/FANGSTRADISJONAR.
 - Elggraver - Tundramo/Oppnosi.
 - Reinsgraver - Søre Døkte/Fjellåkkertjønn.
 - Bågåstøanlegg - Sottjønn/Moldurhø.
 - Massefangstanlegg for rein - Frelsaregga, Lomsegga.
 - Vassfangstanlegg for rein - Leirungsvatn.
 - Fangstbuer/buplassar - Leirungsvatn/Lortjønn ("Nebbebue")
 - Falkefangstanlegg - Leirhø/Råkåvatnområdet.
 - Naust/nausttomter – Liavatn (Maihaugen)/Aursjoen.
- ANDRE ANLEGG.
 - Buplassar – Karijordet?/Nyseter/Liavatn.
 - Gravhaugar/gravrøyser - Svestad/Sperstadøygard/N.Kitilstad.
 - Offerplassar - Ringøye?/Hyrvehamaren?
 - Slagstad - Haraldvangsflye.
- NEDLAGDE KYRKJEGARDAR (stadfesta ved funn av beinrestar gjennom tidene)



- Uppistun Bøje.
- Nigard Skjåk.
- Hove.
- Geilo.

Del av hoftebein og hovudskalle frå åker på Hove Der det har stått både Hov i heidensk tid, og kyrkje frå mellomalderen fram til på 1700-talet.

2.1.2. VEDTAKSFREDA BYGG OG ANLEGG

- TUN
 - Uppigard Skjaak (tun-2 våningshus, stabbur, stall, småfjøs, bu, skåle, eldhus, grisehus, fjøs, 2 låvar
- ENKELT OBJEKT
 - Stensgard (våningshus/stugu)
 - Bøhle (middelalderloft)
 - Krogstad (del av våningshus)
- KYRKJER
 - Skjåk kyrkje
 - Nordberg kyrkje

2.1.3. ANNA VERN/LISTEFØRING M.M

- Kyrkjer
 - Skjåk kyrkje, vigsla 1752.(verna)
 - Nordberg kyrkje, vigsla 1864.(listeført)(Kyrkjer eldre enn 90 år skal handsamast av Riksantikvaren)
- Gravminne
 - Gravminne yngre enn 1537 og eldre enn 60 år som høyrer kyrkjegarden til skal ikkje flyttast/fjernast før fylkeskommunen er kontakta

2.1.4. ANDRE BYGG OG ANLEGG I PRIVAT EIGE I BYGDA.

RIKSANTIKVARENS UNDERSØKINGAR OG KONTROLLREGISTRERINGAR AV SEFRAK REGISTRERTE HUS – MILJØOVERVÅKING (MOV)

Skjåk er ei av 4 kommunar som inngår i MOV-programmet til Riksantikvaren. Det er gjennom ført 2 kontrollar i Skjåk, den fyrste i 2002 og den andre i 2007. Undersøkingane seier mykje om korleis vi tek vare på den gamle bygningsarven.

Dei viktigaste momenta i undersøkingane er:

- Bygningsmiljø som opprinneleg har vore knytt til husmenn og arbeidarar har høgare tapsandel og fleire hus som er truga enn gjennomsnittet i Skjåk
- Dei mange spesialiserte småhusa i tun og utmark er mest utsett for tap
- Trenden med å ta i bruk tradisjonsinspirerte materialar og former når hus blir pussa opp var markert i 2002 men kan framleis sporast også i 2007
- Dei eldre driftsbygningane, og spesielt dei mange små funksjonsspesialiserte husa, er eit karakteristisk og alderdommelig trekk ved bygningsarven i Skjåk

2.1.4.1. Bygg og anlegg knytte til jordbruket.

- **BYGNINGSMASSE**

- Gardstun - Lykre/N.Byskjede/S.Storbråtå/Nulstun Hole,
- Enkelthus på gardar - S.Prestgard (låve),Uppigard Flækøy (steinfjos)
- Hus andre stader – Vetlsetre (steinfjos)

- **DEN GAMLE VATNINGSMÅTEN.**

- Vassvegane - Breinnveite/Skjølaveite/Døktavatnet.
- Trolag - Oppnose/Øyberget. (Ikkje eksisterande).
- Færa - Ingen døme.
- Vatningsdammar på fjellet – Flåtåtjønn (kulturstig)/Forbergstjønn/Brua.
- Vatningsdammar i bygda - I trædet på Nulstun Kitilstad/Øygard.

- **KVERNBRUK.**

- Dammar - Aura/Ofossen/Ostri
- Hus/tomter - Lesplassen/Stensgard/Nigard Flækøy/Aura/Ofossen

- **JORDBRUKET.**

- Utslåttar - Trondøyra/Pollmovinna/Slæom.
- Den gamle teigstrukturen/kulturlandskap - Nulgard Skamsar. Øvre Brumillom, Søre Husom.
- Måsåtaking - Tverrfjellet/Øyberget/Ruphovden-Døkte-Storådalen.
- Lauvhogging - Harsheimlie.
- Samlekveer - Søre Døkte/Lendfjellet, Skriuhaugan.
- Setrer(område) - Billingsdalen/Ostradalen.

2.1.4.2. Bygg og anlegg knytte til skogbruket.

- **TJÆREBRENNINGA.**
 - vingar - Lesplassen.
 - bekkokeri - Åsle/Bråtååsen.
 - hytter - Åsle/Heggebottlie, Geitåe.
- **KOLBRENNINGA.**
 - vingar - Botn/Pollfoss/Vottanes.
 - hytter - Botn.
- **SAGBRUKSVERKSEMND.**
 - sagtomter - Bråtåsaga/Dønfossen/Heggeåsaga.
 - mannskapsbrakker - Heggeåsaga/Bråtåsaga.
- **SKOGSDRIFT**
 - koier - Botn/Framrusta.
 - stallar - Botn/Framrusta/Bråtåsaga.
 - utislag - Overfor Kleivholet/Ned for Bjønnamyra.
 - fløytningsdammar - Botn/Framrusta/Stilla
 - driftsveggar/dråg - Merraveltdrågje i Botn.

2.1.4.3. Spesielle bygg og anlegg.

- **FEL-JAKUP STUGU.**
- **GRUVEDRIFT.**
 - krommalmdrift - Dørkampen.
- **MINNESMERKE.**
 - krossar - Krossen/Horrungen.
 - steinar - Tverrådalen/Nordgard Forberg/Ramstad.
 - bautaer - Bråtå/Nordre Hyrve/Fel-Jakupstøtta.
 - andre minne - Inskripsjon i tre, Sefeni.
 - Sant Ola minne - Sant Ola kjelda.



Gamle krossen som hang på eit tre ved Heggebottvatnet

- **SAMFERDSEL.**

- samkvem med andre - Sjomainnslette, Framruste.
- handelsveggar - Handelsbotn/Raudalen/Skjåk - Lesja om Vetl-skardet.
- setervegar - Finndalen/Neto/Lorddalen.
- veggar for utnytting av ressursar - måsådræg, Øyberget/Kvalheimslie
- marknadsplassar - Lindsheim.



Lasskøyrarar på veg over fjellet, teikning Dagny Dalen

2.1.5. BYGG OG ANLEGG I KOMMUNAL EIGE.

Skjåk kommune har fylgjande hus/anlegg som er aktuelle i kulturvernsamanheng:

- Aura kraftverk.
- Gamle skulen/kommunehuset i Marlo.(Nedteke og lagra)
- Aastri mølle
- Skjåk kyrkje.
- Nordberg kyrkje.
- Brannstasjonen i Bismo

2.1.6. LAUSE KULTURMINNE - GJENSTANDSVERN.

RØRLEGE TING som folk har brukt inne og ute i ulike tidsbolkar.

Alle dei små og store tinga som har vore laga og brukt til dagleg gjev oss ei spesiell kontakt med dagleglivet. Slitasje og ofte lukt kan fortelja oss om bruken. For Skjåk sin del er det ofte knytte kunstnarleg utsmykning til gjenstandane, noko som har gjort dei svært ettertrakta som antikvitatar.

Kulturminne frå oldtida og middelalder (før 1537) og i tillegg ståande byggverk frå perioden 1537- 1649 er freda, jf. KML § 4. Etter lova §12 så er alle lause kulturminne inntil år 1537 er statens eigedom så lenge ein ikkje noko eig det eller ein ikkje veit kven som eig det. Gjeld myntar frå før 1650.



Spade funnen i Moldurbreen brukt til å grave ned reinskjøtt i breen Innlevert Oldsakaamlingen jfr. §12 i kulturminnevernlova.

2.1.6.1. Gjenstandar knytte til næring.

- jordbruk – reidskarpar som plogar/truskarverk
- skogbruk - rustning/timbernåvår/ravel

2.1.6.2. Jakt/fangst.

- fangstreiskap - feller

2.1.6.3. Samferdsle.


- kløv, rullekjerra, skysslea, kariol

2.1.6.4. Spesielle felt.

- Treskurd - t.d. stuguskåp på Håve etter Skjåk-Ola
- Rosemåling – innbu etter Lesjamålarane og Olav G. Bismo
- Kunstmåling – bilete i bygda etter Iver Lund (1871 – 1904)
- Biletvevnad - t.d. Bonaden i Skjåk kyrkje/Kunstindustrimuseet
- Andre gjenstandar - måleria i Skjåk kyrkje
- Leiker - kât/bontil/bekloppe

2.1.6.5. Minnesmerke/bautaer.

- Rydninga i Bråtå/Nordberg kyrkje.
- Sylvester Sivertson/Nørdre Hyrve.
- Fell-Jakup/Bångråttjønn



*Nordheim. Forsamlingslokale til U.L. Bergtorskvål, frå fyrst på 1900-talet.
Ved sida bauta over Sylvester Sivertson. Bautaen er nå flytta nære vegen og Nordberg skule. Kva blir skjebna til ungdomshuset ?*

2.1.7. BYGNINGSMASSE UTANFOR BYGDA.

2.1.7.1. Bygg og anlegg ved museum.

DE SANDVIGSKE SAMLINGER.

Skjåk er den kommunen, nest etter Vågå, som har flest bygningar på Maihaugen. Det er i alt registrert 30 hus frå Skjåk. I tillegg kjem trestamma Dyringslikongen, og tre seterhus frå Finndalen(Øygardssetra).

LOM HEIMBYGDSLAG.

I Presthaugen finst fire bygningar frå Skjåk. to stabbur(hosar/Skei), fjøs og eit seterhus (Brandsdøygard-Tundrali).

2.1.7.2. Bygg og anlegg i privat eige.

Mange bygningar er flytte frå bygda utanom dei som er kome til museum rundt om i landet. Oversikt over desse finst ikkje. Vi veit at det er spesielt mykje i Oslo-området.

2.1.8. KULTURLANDSKAPET.

- mindre område av spesiell verdi - Systun Storbråtå.
- større område med spesielle kvalitetar - Hofstrond

2.2. IMMATERIELLE KULTURMINNE.

Dei immaterielle kulturminna omfattar abstrakte resultat eller spor etter menneskjeleg verksemd, lagra i menneskehjerner som minne, kunnskap og handlag. Vi finn dei i dag på folkemunne, materialisert i handskrift, på trykk eller på lydband. For at dei skal leva vidare må dei bli aktivt overleverte frå generasjon til generasjon. Det er på dette feltet vi finn dei eldste typene kulturminne.

2.2.1. Språket - dialekta.

Språket er ein reiskap for kommunikasjon og organisering av daglegliv og arbeid. Dialekta gjev meir rom for ordrikdom innanfor eit emneområde. Ofte med variantar som seier noko mykje meir om det spesielle emnet.

- dialekta - Skjåkmålet.

2.2.2. Musikk/sang.

- folkemusikken - Nordavind/Vigstadmoglea.
- sang/hulling - Blaut-Jo visa, Radio-visa
- nyare lokalmusikk.

2.2.3. Forteljartradisjon.

- segn/eventyr - Hulderfolket på Glåmbakka.
- historie - Jostedalsrupa, Sperstadfantan.

2.2.4. Stadnamn.

- stadnamn - Honnsrøve.

2.2.5. Folkeliv og arbeidsliv.

Dette omfattar minne om sorg og glede - arbeidsliv og fest. T.d. bryllaup og gravferd, handverkshandgrep og -kunnskapar. Ein kan merke seg at heilt opp til dei siste tiåra har skikkar og arbeidsmåtar brukt ei viss tid på å nå ut til bygdemiljøa. Tidlegare var denne forseinkinga enda lengre.

2.2.6. Religiøs verksemnd.

Skjåk hadde eit av dei mest aktive lokalmiljø av Haugerørsla fyrst på 1800-talet. På 1900-talet har Skjåk havt eit lite, men aktivt indremisjonsmiljø.

2.2.7. Offentleg verksemnd.

Tilhøve knytt til offentleg verksemnd som skule, helse, sosiale forhold.

2.2.8. Skrivne kjelder (eksempel).

- bøker - Lurtonø frå fjeille/Lom og Skjåk.
- rapportar - Viltbiologiske undersøkelser i Nord-Ottadalen Ø.Mølmen.
- hovudoppgåver - Gudmund Teigen om "Svein Kvitingen" ved Elverum Lærarskule.
- avisinnlegg/artiklar - artiklar i Gudbrandsdølen/Dagningen.
- prologar - skrivi av Torø Hyrve til Norberg Husmorlag i 1961.
- lag/foreiningsarkiv - arkiv etter Aastri Mølle.
- private skriv - skrifter etter Robert Bøje.

2.2.8.1. Diktarene våre.

- Jan Magnus Bruheim (1914-1988)
- Tore Ørjasæter (1889 – 1968)
- Sylvester Sivertson (1809 – 1847)
- Aslaug Høydal (1916-2007)

3.0. REGISTRERINGSARBEID.

3.0.1. Registrering for kva?

I Skjåk er det gjennomført ei rekkje registreringar innan feltet kulturminnevern. Mange registreringar er på gang, og fleire er planlagde. Registreringane er viktig for å skaffe seg oversikt over kva ein har, og korleis ein skal prioritere bruken av kulturminne. Tilgjenge for allment bruk vil fyrst og fremst skje gjennom arkivarordninga og biblioteket. Registreringane er til for å brukast, - ikkje for å støve ned i eit arkiv, derfor er database brukt aktivt i tilrettelggjinga.

3.1. Arbeid som er gjennomført/igangsett.

3.1.1. SEFRAK registreringa.

Ansvarleg:Fylket/Kommunen.

Sekretariatet for registrering av faste kulturminner i Norge.Dette tiltaket vart organisert og igangsett i 1971 av Norsk Kulturråd. Formålet med tiltaket var å registrere alle faste kulturminne frå før 1900.Skjåk var fyrste kommuna i Oppland som kom i gang med dette. Tiltaket er gjennomført. For alle gamle hus og bygningar innan Skjåk kommune.

Ein bør vurdere ved neste revisjon om ein skal registrere bygningar oppført mellom 1900 og 1960, samt prøve å få med evt. bygg ikkje registrert før 1900.

Enkelte nekta registrering.

3.1.2. FANGSTANLEGG/BUPLASSAR.

Ansvarleg: Per Dagsgard.

Per Dagsgard har privat samla store mengder med registreringar innan dette feltet. Ein del andre er og med på å leite opp lokalitetar bl.a. Øystein Mølmen, Olaf Soglo og Sylfest Lykre. Dagsgard har digitalisert det som er registrert, slik at det kan takast ut på kart.

Arbeidet bli ajourført kontinuerleg.

Databaseregistrering: GIS.

3.1.3. DIALEKTSAMLING.

Ansvarleg: Asbjørn Dagsgard (1943-2009)

Utgjeve boka "Målet i Lom og Skjåk", 2006.

3.1.4. STADNAMN innsamlinga.

Ansvarleg: Kommunen.

Arbeidet med innsamling av stadnamn er igangsett.

Formålet med innsamlinga er å samle flest mogleg stadnamn innan Skjåk kommune ned til minste detalj, kartfeste dei og få lese inn uttale på lydband e.l.

Innsamlinga er basert på frivillig arbeid.

3.1.5. FOTOSAMLING.

Ansvarleg: Skjåk Historielag.

Stakstonsamlinga. 4000 bilde kjøpt av historielaget.

Registrerte i database. Delvis namna. Tilgjenge på biblioteket.

Originale glassplater er magasinert på dei Sandvigske samlinger-Maihaugen.

Risheimsamlinga. 1800 bilde deponert frå eigarane, registrerte i database. Delvis namna. Tilgjenge på biblioteket.

Anna bildemateriale-enkelt bilde som historielaget har fått og får inn utgjær i 2009 ca. 4000 bilde.

Databaseregistrering: Opprinneleg Data Ease konvertet til ny base Primus.



Bilete teke av Kristian Stakston som viser bygdafolk på vestlandstur.

3.1.6. ÆTTEBØKENE PÅ DATA.

Ansvarleg:Skjåk Historielag/Kommunearkivet.

Ættebøkene er innlagt i ei database for lettare å søkje etter bestemte personar og for å kunne hente ut rapportar over ymse tema.

Databaseregistrering:RUBREG.

3.1.7. BUNADSREGISTRERING.

Ansvarleg:SSM/Skjåk Bygdekvinnelag.

Bygdekvinnelaget har registrert gamle bunader i bygda.

Materialet finst på Maihaugen?

3.1.8. AVISSTOFF FRÅ SKJÅK.

Ansvarleg:Skjåk Historielag(Grjotheim/Agneberg).

Desse to har lese av artiklar og stoff om Skjåk i ei rekkje aviser, frå dei kom ut og fram til 1940. Materialet er kopiert og sett inn i samlepermar.

3.1.9. GJENSTANDSREGISTRERING.

Ansvarleg:Skjåk Husflidslag.

Ta bilde og registrere gamle gjenstandar i bygda.

3.1.10. OVERSIKT OVER UTVANDRA/UTFLØTTE FRÅ SKJÅK

Ansvarleg: Hans P Hosar

Liste over utvandra og utfløtte er utarbeidd og ligg tilgjengeleg på bilblioteket.

3.1.11. MEKANISERINGA AV LANDBRUKET M.V.

Ansvarleg:Skjåk Bondelag/Skjåk Bonde- og Småbrukarlag.

3.1.12. MATTRADISJONAR/OPPSKRIFTER.

Ansvarleg:Skjåk Bygdekvinnelag/Nordberg Arbeiderkvinnelag.

3.1.13. LEIKAR/LEIKER.

Ansvarleg:Skulane/Private.

3.1.14. INNSAMLING AV FOLKEMUSIKK OG ANNAN LOKALMUSIKK.

Ansvarleg:Skjåk spel- og dansarlag (Faggruppa for folkemusikk i Nord Gudbrandsdalen.

Tiltak: Digitalisere gamle opptak-prosjekt.

3.2. Planlagde registreringsarbeid.

3.2.1. SEFRAK registrering. Hus 1900 - 1960 ?

1995 – 2001: *Ingen aktivitet.*

3.2.2. Registrering av husmasse som er flytt ut av bygda.

1995 – 2001: *Laga skjema, men ei vanskeleg oppgave å rekke attende i tid.*

3.2.3. Registrering av gamle ferdselsveggar.

1995 – 2001: *Sylfest Lykre har gjort ein del på dette feltet.*

3.2.4. Registrering av industri langs vassdrag.

1995 – 2001: *Det er ikkje gjort noko eller sett i gang noko utanom det som blir registrert i vassvegprosjektet.*

3.2.5. Registrering av vassvegar/dammar m.v.

1995 – 2001: *I regi av kommunen er det sett i gang eit prosjekt med registrering av vassvegar og vatning generelt. Det meste registrert i 2009. Ligg på kart og registreringsskjema. Behov for demonstrasjonsfelt for vatning.*



Vatning i Reppen ein varm sumardag.

3.2.6. Registrering av minnesmerke/krossar.

1995 – 2001: *Minnesmerke og krossar er registrert i marka, fotograferte og lagt inn i ei søkbar database forvalta av arkivet i Skjåk.*

3.2.7. Registrering av ressursutnytting av utmark.

1995 – 2001: *Ingen aktivitet.*

3.2.8. Registrering av husmannplassar/underbruk/leilendingsbruk.

1995 – 2001: *Det er gjort ei registrering i samband med bygdabokarbeidet, systematisert av Hans P.Hosar og oppsett i band 3. Det er ikkje registrert i marka.*

3.2.9. Kyrkjehistoria – utgreiing, sikring og offentleggjering - nytt moment 2001.

3.2.10. Utvandringshistoria – utgreiing, sikring og offentleggjering - nytt moment 2001.

3.2.11. Registrering av malerarbeide i Skjåk (rose maling/landskapsmaling) – nytt moment 2001.

4.0. KVA ER SPESIELT FOR SKJÅK I HØVE TIL ANDRE BYGDER?

4.0.1. UTGREIING.

Da isen trekte seg attende nordover i Europa etter siste istida, var det eit særtrekk ved utviklinga at reinen følgde etter. Reinen treng svalt klima, og levekåra langs iskanten var elles dei best moglege. Etter kvart som isen vart borte i Sentral-Europa, vart og reinen borte. Att er berre holemaleria av dyra i Frankrike og fornminne som er funne bl.a. i Tyskland.

Iskalotten vart stadig mindre etter som tida gjekk, men i sentrale delar av Sør-Noreg vart isen atliggjande som brear i høgfjellsstroka. Reinen kan ha trekt etter eit interskandinavisk trekk som gjekk frå den sørlege delen av den skandinaviske halvøya og opp i Sibir. Eller hatt regionale trekk som gjekk meir aust/vest i landet. Reinsflokkane var enorme.

I sporet etter reinen vandra menneska inn. Reinen var grunnlaget for at det kunne leva folk i innlandet.


Skjåk låg midt i den sentrale trekkruta for den interskandinaviske reinstamma. Fleire viktige trekkruiter over Ottadalføret peikar seg ut innan bygda. Dei uvanleg store fangstanlegga i fjellet, buplassar, veidemannsgravhaugar og anna fortel at jakt og fangst har stått heilt sentralt i Skjåk heilt opp til våre dagar, og fjellområda her gjev framleis gode levekår for reinen.

Dei fyrste "skjåkverane" var jeger- og fangstfolk. Etter som tilhøva og klimaet endra seg, vart folk meir bufaste, dei slo seg ned og byrja dyrke jorda. Dalføret ligg aust-vest, og det gjer at sola får godt tak i dei slake liene. Men det synte seg at det var i minste laget med nedbør for jordbruket, og derfor vart det arbeidsamt å få fram gode avlingar. Ved å demme opp vatn i fjellet, laga grøfter og leggje trør vart vatnet ført ned til gardane og grendene. Dermed kunne det dyrkast korn som var av høg kvalitet, og kornet vart ei verdinorm i bygda. - Vatnet var viktig elles og: elvar og bekkar vart nytta til å drive kverner, sagbruk og stamper.

Den væta dei skaffa seg sjølve i tillegg til gode naturgjevne vokstervilkår gjorde tilværet på gardane tryggare, og folk fekk overskot til å tenkje på anna enn føda. Dei store furuskogane vestover i allmenninga gav rikeleg vyrke til hus og reiskap. Det voks fram ein handverkarstand ein sjeldan har sett maken til. Trass i slitet og strevet i kvardagen makta

menneska å leggje krefter i kunstnarlege syslar. Impulsar utanfrå fekk dei gjennom folk som drog på handelsferd bl.a. til Bergen og Oslo, og kom attende med nye inntrykk og idear. Arbeida dei skapte, vart ofte enda rikare enn førebiletet. Dette kan vi sjå av dei mange fine tinga som finst rundt om i bygda, og i landet ellers.

Ser ein alt dette under eitt, er det tre samanhengande element som er sentrale i den utviklinga Skjåk-bygda har gått igjennom. Det eine er den store aktiviteten innan området jakt og fangst frå dei eldste tider til i dag. Det andre og viktigaste elementet er vatnet og bruken av det til fiske, vassfangst av rein, vatning, fløyting og drivmiddel til kverner og anna. Kulturhistorisk er det nok kunsthandverket som er høgast verdsett, fyrst og fremst treskurden, men også vevarbeid og smiarbeid.



Villrein, teikning Dagny Dalen

PRIORITERTE SATSINGSOMRÅDE FOR KULTURMINNEVERNET I SKJÅK:

1. VATNET OG BRUKEN AV DET I BYGDA
2. JAKT OG FANGST TRADISJONANE
3. HANDVERSTRADISJONANE

4.1. VATNET - DELPLAN FOR SATSINGSOMRÅDET.

FORMÅL.

- På grunn av dei spesielle meteorologiske tilhøva har tilgangen på vatn vore grunnleggjande for eksistensen for jordbruk i det meste av bygda. Ved bruk av kulturminnevernet vil vi leggje opp til bevisst profilering av Skjåk gjennom "-å spela på vatnet."

Kva har vi gjort?

- Gjeve ut boka "Vatnet", av Gregor Kummen, redigert av Ivar Teigum.
- Vi har tilrettelagt kulturstig på Aursjoen, med bruk av vatnet som emne.

2001-2009

*Registrert vassvegar og informasjon om vatning på kart og skjema.
Materiale arkivert i kommunen.*



Vassvegen frå Flåtåsjønn

4.2. JAKT-OG FANGSTTRADISJONANE - DELPLAN FOR SATSINGSOMRÅDE.

FORMÅL.

- Vi skal bruke tradisjonane bevisst i reiselivssatsinga.
- Bevisstgjera dei yngre aldersklassene på dei verdiar som ligg i dei rike jakt- og fangsttradisjonane som bygda har.
- Vi skal nytte Skjåk som den tradisjonsberaren bygda er til å profilere oss, og få lagt aktuelle fagdagar hit.

Kva har vi gjort?

- Vi har registrert mest alle fornminne knytte til jakt og fangst i Skjåk kommune. Desse er digitalisert og lagra i ei database.
- Det er innhenta og lagra bilde og forteljingar i samband med utgjeving av boka "Jakt- og fangsttradisjonar i Skjåk og Finndalsfjella."
- Restaurert ein del hytter/buer.
- Samla inn ein del gjenstandar. Ansvarleg Skjåk Historielag.
- Finansiert utgraving av elggrav i Oppnose.

2001-2009.

Fortløpande prosjekt i regi av Per Dagsgard med registrering av fangstanlegg. Blir lagt inn i ei base med inf og bilde. Ikkje avslutta.

4.3. HANDVERK/HUSFLID - DELPLAN FOR SATSINGSOMRÅDE.

FORMÅL.

- Vi skal ta vare på dei rike tradisjonane som bygda har innan handverk/husflid.
- Vi skal arbeide for å utvikle tradisjonane og bruke dei i profileringa av bygda.
- Vi skal stimulere verksemdar som byggjer på gammalt handverk i produksjonen.

Kva har vi? - Kva har vi gjort ?

- Skjåk har ein usedvanleg rik tradisjon innan handverk og husflid.
Vi har mykje å vere stolte av på museum rundt om i heile landet, men og i bygda har vi mykje som er teke vare på.
- Vi har rike tradisjonar når det gjeld verksemder som produserer møblar i tradisjonell stil, og som følgjer treskjerartradisjonane.
- Vi har svært mange som driv med husflid i ei eller anna form.
- Skjåk Husflidslag som koordinerer mykje av husflidsverksemda.
Skjåk Historielag som femner om heile spekteret av interesser rundt gamal husflid.

2001-2009

- Arbeidstugu for ungar
- Førjulsmarknad med sal av håndverks- og husflidsprodukt
- Bygdekvinnelaget har dreve registreringsarbeid og hatt utstillingar på Friviljugsentralen .Utstillingane har vore emnebasert som: Gamalt smiarbeid, pkleutstilling m.m.

Kulturminnevernplan for Skjåk

DEL 2

HANDLINGSPLAN

FOR

KULTURMINNEVERNET

I

SKJÅK

5.0. INNLEIING.

Kva ynskjer ein å oppnå med ein aktiv kulturminnevernpolitikk? I ei tid med mykje internasjonalt samkvem og påverknad av framande kulturar, er det spesielt viktig at vi forstår vår eigen kultur og verdien av den. For dersom vi ikkje har respekt for, og ikkje minst ynskjer å ta vare på og vidareutvikle, vår eigen kultur, maktar vi heller ikkje å respektere og setja pris på andre sin.

Kulturminna skal brukast til å dokumentere vår eigen fortid og det er derfor svært viktig at dei typiske elementa i kulturlandskapet vårt blir teke vare på, og brukt på ein slik måte at dei ikkje blir forringa. I tillegg til dei meir typiske minna, gjeld sjølsagt dette også m.a. stadnamn, sagntradisjon, væremåte, dialekta og skriftspråket vårt.

PLAN - FOR KVEN ?

Gjennom ein aktiv kulturminnevernpolitikk er ein med på å betre breidda i kulturtilboda, og det fremjer også trivselen og tilhøyrigheita. Dette er viktig. For kva er i aukande grad med på og avgjer kvar folk vel å busetja seg, om dei har noko val, når dei skal ha arbeid ? Jau, det er kva dei kan fylla fritida si med, og kvar dei føler seg heime. Men ved rett tilretteleggjing for ein aktiv bruk av våre kulturminne kan det også bety mykje i reiselivssamanheng, og skape sikre arbeidsplassar. For å få til dette må det skikkeleg planleggjing til, slik at kvalitet og ektheit bli sikra. Det må ikkje takast over av usikre stuttenkte kommersielle interesser. Vern av vår natur og kultur er på lang sikt den beste form for sikring av reiselivsnæringa. Ei forutsetning må vera at det blir gjort på naturen og kulturen sine premisser. Eit mål med ein slik plan, er også at vi skal lære bygda vår betre å kjenne, og sjå verdiane i kulturminna og forvalte dei på ein betre måte.

KVA SKAL VI SATSE PÅ I SKJÅK ?

Det er viktig at vi satsar på det som vi har spesielle føresetnader for i Skjåk; og som skil oss frå andre. Ta til dømes den historiske bruken av fjellet og utmarka. Lom har lange tradisjonar for turismen sin bruk av fjellet. I Skjåk er dette langt mindre utarbeidd, derimot har vi svært rike tradisjonar på meir næringsmessig hausting slik som jakt og fangst, tjærebrenning, setring, ferdsl m.m.

Med ei slik breidde og omfang ein har av kulturminne i Skjåk, er det svært vanskeleg, men og utfordrande å setja opp momentlister, og til slutt ei prioriteringsliste. Ein har prøvd å vera mest mogleg konkret slik at det til kvar tid er lett å sjå kva som er aktuelt og står for tur. Dette bør også gjerast ved rullering av planen. Ei slik prioriteringsliste må ein til kvar tid gå kritisk igjennom.

I kommuneplanen for Skjåk 1991-2002 er "Handlingsplan for kulturminner" prioritert. Dette forpliktar. Ein slik plan vil sjølsagt føre med seg ein del økonomiske utteljingar. Men det vil vonaleg vera med å skape verdiar slik som t.d. auka trivsel og sikring av, og nye, arbeidsplassar. Mange av forslaga til tiltak er såpass omfattande at dei krev eigen prosjektplan og delfinansieringsplan.

Når ein slik plan nå er utarbeidd, er det viktig at den får ei aktiv oppfølging, at den blir brukt og at rette instansar/personar får ansvar for gjennomføring av tiltak.



Vi kan ikkje ta vare på alt --

5.0.1. VERN, BRUK OG UTVIKLING AV LOKALKULTUREN.

HOVUDMÅLSETJING FOR KULTURMINNEVERNET I SKJÅK:

HOVUDMÅLSETJING

- * VERE MED Å SKAPE HEIMSTADKJENSLE FOR INNBYGGJARANE I SKJÅK
- * STYRKE REISELIV OG LANDBRUK VED YMSE TILTAK
- ☐ ARBEIDE FRAM NÆRINGSSKAPING MED BAKGRUNNI KULTURMINNEVERNET

5.0.2. KOMMUNEN SITT ENGASJEMENT.

Kommuna skal stimulere til aktivitet innan feltet kulturminnevern, til gagn og nytte for alle som bur i bygda, utad og i profilering av bygda utover. Derfor er det sjølsagt at kommuna må vere med og ta eit tak økonomisk i visse samanhengar.

5.1. SATSINGSOMRÅDA.

Det har peikt seg ut tre satsingsområde innan kulturminnevernet i Skjåk (sjå del 1, punkt 4.1-4.3):

5.1.1. VATNET.

PRIORITERING/VEKTLEGGJING.

- Registrere.
 - Vi skal supplere registreringar av vassvegar i bygda og kulturminne knytte til dei.
 - Vi skal supplere registrerar av kulturminne knytte til utnytting og bruk av vatnet i Skjåk, gjennom video opptak og bruk av GPS for å få nøyaktig stedfesta kvar dei går i terrenget

- Restaurering.
 - Vi skal restaurere og leggje tilrette for bygdafolk og andre interesserte, bygg og anlegg knytta til vatnet og bruken av det.
- Utstilling.
 - Eventuelt dra inn bruken av vatnet i ei utstilling for å vise nytten av det.
- Profilering.
 - Samle trådane om nytting av vatnet i profileringa av bygda.

5.1.2. JAKT OG FANGSTTRADISJONANE.

PRIORITERING/VEKTLEGGING AV TILTAK.

- Kulturstig - Elgfangst - Oppnosi.
 - Vedlikehalde kulturstig i Oppnose i samarbeid med fylkeskonservatoren i Oppland.
- Stigmerking.
 - Merke stigar til fangstanlegg, med tilrettelegging ved anlegget.
- Registrering/arkivering.
 - Hente inn og fotografere aktuelle lokalitetar for bruk i utstillingsamanheng.
 - Fangstreidskapar m,v. Ansvarleg for oppbevaring: Skjåk Historielag.
 - Finne fram til lokalitetar som kan brukast til utstilling.
- Restaurere/vedlikehalde hytter.
 - Restaurere innsmogo/hytter som har vore brukt til jakt/fiske.
 - Leggje planar som sikrar at dette blir gjort på ein skikkeleg måte.
- Bokprosjekt.
 - Bok om småvilt.
Gje ut ei bok/hefte om småviltjakt i Skjåk
- Undervisningsopplegg.
 - Leggje tilrette for bruk av emne i undervisningssamanheng ved publikasjonar og opplegg. Leggje tilrette for utprøving av fiske/fangst i valfagsamanheng.
Skaffe klasse sett av publikasjonar som på ein pedagogisk måte kan gje elevane ei levande innføring i denne delen av kulturen vår.

- Kurs/konferanser.
 - Organistere kurs/konferansar/seminar/fagdagar innan jakt/fangst forvaltning ved hjelp av ressurspersonar frå bygda og utanifrå, og leggje dette til Skjåk.
- Sikring av områder.

Sikre områder av spesiell interesse gjennom planlova. Kulturminner er sikra ved lov, men i mange høve er dette for snevert, derfor meiner ein at vi må prøve å få sikre eit område rundt mot inngrep ved hjelp av plan- og bygningslova. (Synleggjere dei viktigaste fangstanlegga som er automatisk freda i arealdelen til kommuneplanen)

5.1.3. HANDVERKSTRADISJONANE.

PRIORITERING/VEKTLEGGING AV TILTAK.

- Registrere gamalt handverk.

Skjåk Historielag er koordinator for arbeidet.

 - legg opp arbeidet med registreringsskjema for dei enkelte felt. Arbeidet er for det meste gjennom ført i registreringarbeidet som vart gjort under Skjåk-Ola jubileet 1995. Behov for registrering av det kommunen/historielaget har av gjenstandar.
- Utstillingar.
 - Skaffe eigna lokale til utstillingar av gamle gjenstandar, arbeidsmetodar.
- Kurs/undervisning.
 - Kurs i regi av lag/organisasjonar.
 - Skulen tek initiativ til å lære elevane gamle arbeidsteknikkar.
- Profileringsopplegg som byggjer på og utnyttar den lange samanhengande tradisjonen.

5.2. PRIORITERTE KULTURMINNE.

Innleiing.

Ein har her vald ut dei mest interessante kulturminna innafor dei enkelte gruppene som ein meiner det er naturleg å ta vare på i Skjåk. I tiltaksoppsettet i siste del av planverket er det gjort ei strengare prioritering blant desse.

5.2.0.0. FORNMINNER.

5.2.0.1. OBJEKT: Bågåstøanlegg - Sottjønn

GRUNNEIGAR:Skjåk almenning

OMTALE:Stor konsentrasjon av bågåstø eller "såter" på eid mellom tjønnene.Truleg opphavet til namnet Sota.

2001-2009:*Automatisk freda*

5.2.0.2. OBJEKT: Bågåstøanlegg - Moldurhø

GRUNNEIGAR:Skjåk almenning.

OMTALE:Anlegget ligg ca.2000 meter over havet strategisk plassert i trekkruta til delar av den interskandinaviske reinstamma.

2001-2009: *Automatisk freda- fleire funn i brea.*

5.2.0.3. OBJEKT: Massefangstanlegg - Frelsareggje

GRUNNEIGAR:Skjåk almenning.

OMTALE:Komplett massefangstanlegg under Lomsegga.

2001-2009: *Automatisk freda*

5.2.0.4. OBJEKT: Vassfangstanlegg - Leirungsvatn.

GRUNNEIGAR:Skjåk almenning.

OMTALE:Bægjearder, varder og buplass i vik av vatnet.

2001-2009: *Automatisk freda*

5.2.0.5. OBJEKT: Massefangst/Vassfangst - Aura.

GRUNNEIGAR:Lars K.Kvalheim.

OMTALE:Eit heilt spesielt anlegg for fangst av rein, med store dimensjonar.

2001-2009: *Automatisk freda*

5.2.0.6. OBJEKT: Gravanlegg - Fjellåkkertjønn - Horrongen.

GRUNNEIGAR:Skjåk almenning, Finndalen statsalmenning (Lom kommune).

OMTALE: Stort gravsystem på ca. 100 graver.

2001-2009: *Automatisk freda*

5.2.0.7. OBJEKT: Enkeltgrav – Stamåtjønn.

GRUNNEIGAR:Skjåk almenning.

OMTALE:Grava er heilt inntakt, "-som ho skulle vore bygt i går."

2001-2009: *Automatisk freda*



Reinsgravmed ledegjerde ved Lundadalsvatnet.

5.2.0.8. OBJEKT: Enkeltgrav - Grotlivatn.

GRUNNEIGAR:Skjåk almenning.

OMTALE:Grava er den høgast liggjande av denne typa som er funne.

2001-2009: *Automatisk freda*

5.2.0.9. OBJEKT: Tvillinggrav – Bispberget.

GRUNNEIGAR:Skjåk almenning.

OMTALE:Dobbelt reinsgrav.

2001-2009: *Automatisk freda*

5.2.0.10. OBJEKT: Buplass - Leirungsvatn.

GRUNNEIGAR:Skjåk almenning.

OMTALE:To buplassar i tilknytning til reinsgravanlegg og vassfangst-anlegg i området.

2001-2009: *Automatisk freda*

5.2.0.11. OBJEKT: Butomt - Aursjo.

GRUNNEIGAR:Skjåk almenning.

OMTALE:Tomt etter gamal bu ved nordenden av Aursjoen.

2001-2009: *Ingen aktivitet*

5.2.0.12. OBJEKT: Veidemannsgravhaug - Aursjotjønn.

GRUNNEIGAR:Skjåk almenning.

OMTALE:Gravhaug i tilknytning til reinsfangsten i området.

2001-2009: *Automatisk freda*

5.2.0.13. OBJEKT: Engelskmannbue.

GRUNNEIGAR:Skjåk almenning.

OMTALE:Restaurert (av SJF) bu etter engelskmannen Gordon, ved Lortjønnebekken. Bua bygt av Erland Holset, Lora Lesja etter oppdrag frå Mr.Gordon.

2001-2009: *Ingen aktivitet*



Engelskmannbua ved Lortjønngrove. På Lesja blir ho kalla Gordonbua

5.2.0.14. OBJEKT: Stålbågåseto - Aursjohøa

GRUNNEIGAR:Skjåk almenning.

OMTALE:Einaste kjende fangstobjekt med namn.

2001-2009: Automatisk freda

5.2.0.15. OBJEKT: Jernvinne - Randsverk.

GRUNNEIGAR:Skjåk almenning.

OMTALE:Einaste kjende jernvinna i bygda.

2001-2009: Automatisk freda

5.2.0.16. OBJEKT: Klebberbrot i Raudhaug, Sotflye.



GRUNNEIGAR:Skjåk almenning.

OMTALE:Restar etter emne til peisar og spor etter grytbrotning.

2001-2009: Automatisk freda

Grytbrot bed Raudhaug Sotflya

5.2.0.16. OBJEKT: Falkefangstanlegg - Leirhø.

GRUNNEIGAR:Skjåk almenning.

OMTALE:Restar etter plassering av fangstinnretning/telt.


2001-2009: Automatisk freda

5.2.0.17. OBJEKT: Falkefangstanlegg– Rundhaug - Sota.

GRUNNEIGAR:Skjåk almenning

OMTALE:Falkefangarbu. Steinringen etter teltet fjerna

2001-2009: Automatisk freda. Anlegget er ikkje registrert.



Teltring etter falkefangartelt, teikning Dagny Dalen

- 5.2.0.18. OBJEKT: Elggravanlegg - Tundramo – Oppnose.**
GRUNNEIGAR:Skjåk almenning.
OMTALE:Prioritert gjennom kulturstig, sjå punkt 5.2.2.33.
2001-2009: *Automatisk freda. Delar av anlegget er tilrettelagt for almenta.*
- 5.2.0.19. OBJEKT: Veidemannsgravhaug - Kvitingsli.**
GRUNNEIGAR:Skjåk almenning.
OMTALE: Ligg i nær tilknytning til fangstanlegga lenger vest.
2001-2009: *Automatisk freda.*
- 5.2.0.20. OBJEKT: Elggravanlegg - Bispen.**
GRUNNEIGAR:Sylfest Forberg.
OMTALE:Fangstanlegg sentralt i bygdasenteret Bismo.
2001-2009: *Automatisk freda. Eigar av Bispen har sett opp informasjon om anlegget.*
- 5.2.0.21. OBJEKT: Mårfangst - Botn-Turrkjelet.**
GRUNNEIGAR:Skjåk almenning.
OMTALE:Spesiell fangstplass med mårstokk.
2001-2009: *Ingen aktivitet.*
- 5.2.0.22. OBJEKT: Mårfangst - Stamsæterli.**
GRUNNEIGAR: Skjåk almenning.
OMTALE:Mura "hus" for plassering av 4-tals felle.
2001-2009: *Ingen aktivitet*
- 5.2.1.0. FASTE MATERIELLE KULTURMINNER - SAMLINGAR.**
- 5.2.1.1. OBJEKT: Gardstun - Uppigard Skjåk.**
EIGAR:Eldrid Grande Skjaak og Gudbrand Skjaak.
OMTALE:Freda gardstun.
2001-2009: *Ingen aktivitet.*
- 5.2.1.2. OBJEKT: Gardstun - Nulstun Hole.**
EIGAR:Ingvald Hole.
OMTALE:Komplett gammalt gardsanlegg.
2001-2009: *Eigaren er i gang med planar om restaurering.*
- 5.2.1.3. OBJEKT: Gardstun - Systun Storbråtå.**
EIGAR:Åse Mette Storbråtå.
OMTALE:Fjellgard.Gamalt intakt gardstun.
2001-2009: *Eigaren har restaurert hovedbygningen*
- 5.2.1.4. OBJEKT: Gardstun - Lykre.**
EIGAR:Terje Lund.
OMTALE:Større gardstun med serleg fin plassering.Viktig i kulturlandskapet.
2001-2009: *Tunet utskilt som eige eigedom. Utbudt for sal i slutten av 2009.*
- 5.2.1.5. OBJEKT: Gardstun - Nordre Byskjede.**
EIGAR:Helga Rakstad Haugen.
OMTALE:Mindre gardstun med 10 bygningar. Tidlegar allmenningsbruk.
2001-2009: *Ingen aktivitet*

5.2.1.6. OBJEKT: Gardstun - Skei.

EIGAR:Per Hagen

OMTALE:Gamal gard som ligg inntil bygdasetrum Bismo.

Kommunen har fått tilbod om å disponere tunet.

2001-2009: *Tunet utskilt som eigen eigedom og selt. Husa er under restaurering.*

5.2.1.7. OBJEKT: Husmannsbruk - Vigstadmoen.

EIGAR:Kjell Plassen.

OMTALE:Tidlegar husmannsplass under Vigstad.

2001-2009: *Eigaren som har høg kompetanse inna tømrerarbeid har sjøl restaurert bygningane.*

5.2.1.8. OBJEKT: Ofossen mølle.

EIGAR:Norgesfor Ottadalen

OMTALE:Bygdamølle med forsatt drift og med diverse husmasse.

Utarbeidt eigen delplan

2001-2009: *Norgesfor Ottadalen(tidl. Ottadalen mølle) har overteke heile eigedomen frå stiftelsen. Har restaurert deklar av inntaket og kledd oppatt og retta opp ysterbygningen. Restaurering av møllebygningen under arbeid.*



Ofossen mølle, teikning Dagny Dalen

5.2.2.0. FASTE MATERIELLE KULTURMINNE - ENKELT OBJEKT.

5.2.2.1. OBJEKT: Mellomalderloftet på Bøhle.

EIGAR: Stein Bøhle.

OMTALE: Einaste mellomalderbygningen ein veit om i Skjåk.

Unik i internasjonal samanheng saman med nokre få andre.

Automatisk freda.

KOSTNADER: Vedlikehald ligg til Riksantikvaren.

ANSVARLEG: Riksantikvaren.

2001-2009: *Ingen aktivitet*

5.2.2.2. OBJEKT: Skjåk kyrkje.

EIGAR: Skjåk sokn.

OMTALE: Kyrkje i hovudsoknet, Skjåk. Tømra krosskyrkje frå 1752.

ANSVARLEG: Sokneråda/Riksantikvaren.

2001-2009: *Stelt muren på nordsida, skifta eindel spon og lagt nye beslag på tårnet*

5.2.2.3. OBJEKT: Nordberg kyrkje.

EIGAR: Nordberg sokn.

OMTALE: Annekskyrkje for Nordberg sokn, bygd 1864.

ANSVARLEG: Sokneråda/Riksantikvaren.

2001-2009: *Ingen spesielle tiltak*

5.2.2.4. OBJEKT: Stugu - Stensgard.

EIGAR: Marianne Stensgård og Arnstein Fjerdingren.

OMTALE: Freda stugubygning. Restaurert.

ANSVARLEG: Fylkeskonservatoren.

2001-2009: *Ellers i tunet –restaurert tørkestugu og kvernhaus skal restaurere stabbur.*

5.2.2.5. OBJEKT: Fel - Jakup stugu + minnestein.



EIGAR: Skjåk Historielag.

OMTALE: Huset etter Fel-Jakup, flytt frå Felodden til nåverande tomt.

TILTAK: Gjere tilgjenget betre.

Rutiner. Ordne rundt huset.

Inventaret.

ANSVARLEG: Skjåk

Historielag.

2001-2009: *Ingen aktivitet*

Fel-Jakup stugu ved Bågråtjønn, teikning Dagny Dalen

- 5.2.2.6. OBJEKT: Stugu-Haugen i Bråtå.**
EIGAR: Anna Torun Skog.
OMTALE: Heilt intakt stugu på gard i Bråtå.
2001-2009: Ingen aktivitet
- 5.2.2.7. OBJEKT: Stugu - Krogstad.**
EIGAR: Anna Krogstad og Kjell Åboen
OMTALE: Freda stugubygning.
2001-2009: Ingen aktivitet
- 5.2.2.8. OBJEKT: Fjos - Hågå.**
EIGAR: Hans Hågå.
OMTALE: Fjos med intakt omn/bakstgong(Fjeill-Pær omn)
2001-2009: Ingen aktivitet
- 5.2.2.9. OBJEKT: Fjos - Nedre Bruheim.**
EIGAR: Olav Bruheim Kvåle
OMTALE: Fel-Jakup er fødd der?
2001-2009: Ingen aktivitet
- 5.2.2.10. OBJEKT: Steinfjos - Uppigard Flækøy.**
EIGAR:Dødsbu 2009.
OMTALE: Steinfjos med tømra låve over.
2001-2009: Ingen aktivitet
- 5.2.2.11. OBJEKT: Steinfjos - Mysubytta.**
EIGAR: Per Øyvind Ørjasæter.
OMTALE: Gamalt steinfjos på Slettesetra.
2001-2009: Fjoset er restaurert av eigaren i perioden
- 5.2.2.12. OBJEKT: Steinfjos – Vetlsetra.**
EIGAR: Stein Bakve.
OMTALE: Ruin av eit originalt steinfjos med peis.
2001-2009: Ingen aktivitet
- 5.2.2.13. OBJEKT: Blikkeverkstedet.**
EIGAR: Lars Aaboen.
OMTALE: Eldre bygdeverkstad m/smie intakt med utstyr.
2001-2009: Ingen aktivitet
- 5.2.2.14. OBJEKT: Smiu - Øvre Brumillom.**
EIGAR: Per Brumillom.
OMTALE: Gamal gardssmie, intakt med utstyr.
2001-2009: Ingen aktivitet
- 5.2.2.15. OBJEKT: Kvernhus - Stensgard.**
EIGAR: Marianne Stensgård og Arnstein Fjerdingsren.
OMTALE: Intakt kvernhus.
2001-2009: Restaurert.

5.2.2.16. OBJEKT: Kvernhus - Byskjede.

EIGAR: Helga Rakstad Haugen.

OMTALE: Gardskvern.

2001-2009: *Ingen aktivitet*

5.2.2.17. OBJEKT: Tørsstugu – Bråtå.

EIGAR: Oppsitjarane i Bråtå.

OMTALE: For turking av korn i Bråtågrenda.

Restaurert av Bråtågrenda.

2001-2009: *Ingen aktivitet*

5.2.2.18. OBJEKT: Tørsstugu - Skamsar.

EIGAR: Grenda.

OMTALE: For turking av korn i Bruheimsgrenda.

2001-2009: *Tørrstugu vart utpekt til kommunens kulturminne i*

kulturminneåret. Stugu vart så restaurert av andelseigarane

5.2.2.19. OBJEKT: Skogskoie m/stall - Botn.

OMTALE: Intakt skogskoie med stall.

EIGAR: Skjåk almenning.


2001-2009: *Eigaren har lagt nytt tak på brakka i perioden.*

5.2.2.20. OBJEKT: Tjyrumile m/bekkokeri.- Åsli.

OMTALE: Tjyruvang/bekkokeri og hytte i Åsli Billingsdalen.

EIGAR: Skjåk almenning.

2001-2009: *Ingen aktivitet*



Tjyrumile i Botn, teikning Dagny Dalen

5.2.2.21. OBJEKT: Kolvang opp for Dønfossbru.

OMTALE: Vise korleis tradisjonell trekolbrenning skjedde.

EIGAR: Skjåk almenning.

2001-2009: *Ingen aktivitet*

5.2.2.22. OBJEKT: OKB-garasjen ved Nordberg.

OMTALE: Intakt tregarasje etter OKB.

EIGAR: Fjord 1 - rutebilselskap.

2001-2009: *Vegmuseet har hatt synfaring og vurdert overtaking av garasjen. Vil evt. rive og flytte den til Vegmuseet i Øyer.*

5.2.2.23. OBJEKT: Festplass - Aualehaugen.

OMTALE:

EIGAR:Leif Mork

2001-2009: *Ingen aktivitet*

5.2.2.24. OBJEKT: Pålebrue.

OMTALE: Utleggbru i tradisjonell utføring.

EIGAR:Bråtågrenda

2001-2009: Brua reven og ny kopi bygt.

5.2.2.25. OBJEKT: Vollungsbrue.

OMTALE:Dobbel steinkvelvbru. Bygd 1912.

ANSVARLEG:Skjåk kommune.

2001-2009: *Ingen aktivitet*

5.2.2.26. OBJEKT: Bokkeoddbrue.

EIGAR:Skjåk kommune.

OMTALE:Fagverkbru med brukar av gråstein. Bygt 1914.

2001-2009: *Ingen aktivitet*

5.2.2.27. OBJEKT: Vasshjul i Jøingen.

EIGAR:Oddrun og Petter Gjerdet.

OMTALE:Slipstein driven med vasshjul.

2001-2009: *Hjulet er restaurert.*

5.2.2.28. OBJEKT: Vassmonument i Bismo.

OMTALE:Ynskjeleg å skape noko som kan symbolisere kor viktig vatnet har vore for bygda. Profilering.

2001-2009: *Ingen aktivitet*

5.2.2.29. OBJEKT: Trolag/vatningsanlegg – Skei.

OMTALE:Med bakgrunn i satsningsområde leggje tilrette eit område med vatning/trolag m.v.

2001-2009: *Ingen aktivitet*

5.2.2.30. OBJEKT: Mjølkerampe.

OMTALE: Rampene har mist sin funksjon, vitnar om ei anna tid.

TILTAK: Ta vare på for ettertida. Byggje ny ved Billingen seterstul.

2001-2009: *Ingen aktivitet. Eindel har restaurert/bygt kopi av mjølkeramper som er eit fint innslag i kulturlandskapet.*

5.2.2.31. OBJEKT: Kulturstig Vatnet - Aursjoen.

OMTALE: Området mot Flåtåtjønn er tilrettelagt med postar.

ANSVARLEG: Skjåk kommune, kulturetaten.

2001-2009: *Postane renoverte 2000. Løpnade vedlikehald.*

5.2.2.32. OBJEKT: Kulturstig - Elgfangst - Oppnosi.

OMTALE: Ein del av eit stor elgfangst-anlegg tilrettelagt for innsyn.

TILTAK: Eigen plan. Leggje opp stig, parkering, postar og restaurering.

ANSVARLEG: Fylkesarkeologen/Skjåk kommune.

2001-2009: *Kulturstig ferdig anlagt og i bruk*

Klasse frå Skjåk ungdomsskule ved elgggrav i Oppnåsi. Lærer Torgeir Ødegård orienterer. Formidling er eit av dei viktigaste hjelpemiddel for å bevistgjera nye generasjonar om verdet av kulturminna våre.

5.2.2.33. OBJEKT: Kulturstig - Reinsgraver - Søre Døkte.

OMTALE: Eit av dei største samanhangande reinsgrav-anlegga i Norge.

2001-2009: *Ingen aktivitet*

5.2.2.34. OBJEKT: Kulturstig - Aura - Kraft og kvern.

OMTALE: Aura elv har vore brukt svært langt attende på mange måtar.

2001-2009: *Den gamle røyrgata av jern er skifta (framleis vore i bruk for framføring av vatnarvatn.) Ny røyr som liknar er montert. Mye fundament. Gamle røyr stilt ut for å vise korleis dei var. Planar om å restaurere kraftverket (Skjåk Energi)*

5.2.2.35. OBJEKT: Botn området.

OMTALE: Nybrot (Glitne), tjurymile, kolmile, setrer, slaget på Haraldvangsfly.

2001-2009: *Ingen aktivitet*

5.2.2.36. OBJEKT: Skjåk's misjonshus – bedehuset

EIGAR: Normisjon i Skjåk

OMTALE: Forsamlingshus for kristeleg oppbygging under paraplyen av Det Norske Misjonssamband – nå Normisjon

2001-2009: *Brukt av Skjåk Husflidslag bl.a. til julesal av husflid.*

5.2.2.37. OBJEKT: Åstre mølle-andelsmølle

EIGAR: Skjåk kommune, overteke frå Åstre mølle A/L

OMTALE: Bygdemølle, bevaringsverdig i følge Riksantikvaren/Teknisk museum

2001-2009: *Ingen aktivitet, eindel hververk.*

5.2.2.38. OBJEKT: Brannstasjon i Bismo

EIGAR: Skjåk kommune

OMTALE: Brannstasjon bygt rundt 1950 i 1950-tals stil. Inntakt. Brukt av Jotunheimen Veterankøretøyklubb

2001-2009: Ny 2009

5.2.2.39. Objekt: Bilverkstad Bismo

EIGAR: Fjord 1

OMTALE: Gamal verkstadbygning etter fyrste bilselskapet i Skjåk, Skjåkbilane

2001-2009: Ny 2009

5.2.3.0. LAUSE MATERIELLE KULTURMINNE.

5.2.3.1. OBJEKT: Skjåk-Ola-skåpet på Håve.

OMTALE:Eit av dei få skåpa etter kunstnaren i bygda.

EIGAR:Kristen Håve.

2001-2009: *Ingen aktivitet*

5.2.3.2. OBJEKT: Skjåk-Ola-interiør på Uppigard Skjaak.

OMTALE:Inngår i punkt 5.2.1.1.

2001-2009: *Ingen aktivitet*



Skjåk-Ola skåpet på Uppigard Skjåk. Ola Rasmussen Teigroen skar innreiinga til den nye stugubygningen på 1760-talet.

5.2.3.3. OBJEKT: Brannbil - 1942 model.

OMTALE:Skjåk kommune sin fyrste brannbil ein ombygd tysk militærbil, Horch sambandsvogn. Deponert Jotunheimen Veterankøretøyklubb.

2001-2009: *Ingen aktivitet*

5.2.4.0. IMMATERIELLE KULTURMINNE.

5.2.4.1. OBJEKT: Bygdabok for Skjåk.

OMTALE:Bygdabok, emne-oppbygd. Sikring av lokalhistoria for ettertida, samla for bruk i undervisning m.v.

ANSVARLEG:Skjåk kommune.

MERKNADER:4 bind a ca.450 sider.

2001-2009:*Band 1-2-3 ferdigstilt, tida fram til 1914. Band 4 1914-1945 er under arbeid og er planlagt gjeven ut i planperioden..*

5.2.4.2. OBJEKT: Diktarane våre.

OMTALE: Tore Ørjasæter, Jan Magnus Bruheim, Aslaug Høydal, Sylvester Sivertson og Olav Øygard.

2001-2009: Lagt opp til fleire makreringar. Handlingsprogrammet.

5.2.4.3. OBJEKT: Krossar-steinar.



Krossen på vegen til Finndalen

OMTALE: Minne etter folk/hendingar der folk har mist livet.

TILTAK: Istandsetjing/lage samla oversyn-hefte.

2001-2009: Sett opp minnetavle 2008 over Klara Heggerusten, vest for Skjellom.

5.2.4.4. OBJEKT: Bokverk om fisketradisjonar og småviltjakt.

OMTALE: Dokumentasjon av desse felta, oppfølging av bok om storviltjakt

TILTAK: Innsamling av dokumentasjon og skrivning/trykking.

2001-2009: *Bok om fisketradisjonar, forfattar Trygve Hesthagen utgjeven 2001.*

5.2.4.5. OBJEKT: Arkivtenesta.

OMTALE: Lokalhistorisk samling underlagt Opplandsarkivet. Samarbeid med biblioteket.

2001-2009: *Museet i Nord Gudbrandsdal er omorganisert og er no ein del av Gudbrandsdalmuseet. Opplandsarkivet er ein del av dette. Arkivsamlings/tenesta i Skjåk heiter no: Opplandsarkivet Norddalsarkivet Skjåk (NAS).*

5.2.5.0. KULTURLANDSKAP - OVERSIKT OVER OMRÅDE.



Delar av Øverstulen på Billingen seter. Foto Per Dagsgard

Å bevare eigenarten i kulturlandskapet har mykje å seie for identitetsskaping hjå menneskja. Kulturlandskapet har stor verdi både landskapsestetisk og for biologisk mangfald.

Med dette som bakgrunn bør ein gå igjennom og klargjera kva slags føringar det vil vere nyttig å leggje til grunn når ein skal vurdere kvae in skal ta vare på. Ein bør vurdere opplegg som passar for den grad av ivaretaking ein vil leggje til grunn.

5.2.5.1. OMRÅDE: Ramstadstrond - Reppen.

OMTALE:Spesiell einsarta inndeling av landskapet i soner frå elv til fjell. Viktig å bevare det einsarta landskapet med konsentrasjon av bygningsmasse langs fylkesvegen.

2001-2009: I kommuneplanen 2006-2016, arealdelen, er *sentrale delar av grenda klassifisert som "Viktige landskapsstruktur der bygge- og anleggstiltak ikkje bør tillatast"*. *Eindel hus er restaurert. Nokre har fått riveløyve.*

5.2.5.2. OMRÅDE: Norda Aura.

OMTALE:Område er spesielt på grunn av mange fornminne i området opp langs Aura. Bl.a. gravplass/massefangstanlegg for rein.

2001-2009: *Ingen spesielle endringar*

5.2.5.3. OMRÅDE: Ofossen - Hole.

OMTALE:Syner til enkeltprosjekt 5.2.1.3. og 5.2.1.10. I samband med Ofossen som tyngdepunkt i satsing er det viktig å ta vare på verdiane i området.

2001-2009: *Det er bygt gang- og sykkelveg frå Bismo - Skjore*

5.2.5.4. OMRÅDE: Nordgard Forberg - Bispen.

OMTALE:Elfgangstanlegg. Sikre mest mogleg av vegetasjonen langs dette.

2001-2009: *Ingen spesielle endringar.*

5.2.5.5. OMRÅDE: Skei-Harsheim.

OMTALE:Grenda mellom desse gardane har halde på mykje av den gamle teigstrukturen med svært oppstykkja jordteigar. I tillegg står mykje gamal bygningsmasse, bl.a to store låvar på Skamsargardane. Harsheimlia, husmannsplass, er og eit viktig element i landskapet og spesiell sidan den framleis ligg til garden, Harsheim. Med plassering inn mot bygde-senteret er området enda meir verdifullt. Det bør ha høg prioritet i bevaring av heilskapen.

2001-2009: *Kommune har regulert området opp for Skei til boligfelt. Tunet er utskilt og selt. Det er under restaurering.*

5.2.5.6. OMRÅDE: Kitilstad - Lykre.

OMTALE:Gravhaugar/røyser på Kitilstad, Hyrvehamaren/kultstad ? Bevaring av Hyrvehaugen. Gardstunet på Lykre, Spelmannshaugan/ fangstanlegg/ferdselsveg.

2001-2009: *Kommunen har laga ein tilpyntingsplan for Hyrvegruva i samarbeid med ny eigar. Bygt samdriftfjos for ku på Nordre Hyrve. Gardstunet på Lykre utskilt som eigen eigedom.*

5.2.5.7. OMRÅDE: Søre Langleite - Nordre Langleite.

OMTALE:Gamal bygningsmasse, teigstruktur.

2001-2009: *Ingen aktivitet.*

5.2.5.8. OMRÅDE: Lesplassen - Fargarjordet.

OMTALE: Vassutnytting. Kvernhus/slipstein.

2001-2009: *Kvernhus og slipstein m/vasshjul restaurert, delvis øydelagt av flom, men restaurert*

5.2.5.9. OMRÅDE: Fosstugu - N.Heggebotn.

OMTALE: Gamal teigstruktur i allmenninga. Nedlagde bruk.

2001-2009: *Ingen aktivitet*

5.2.5.10. OMRÅDE: Skjåk.

OMTALE: Skjåk kyrkje/Uppigard Skjaak.

2001-2009: *Sjå under enkelt objekt*

5.2.5.11. OMRÅDE: Myrvang - Fel-Jakup stugu.

OMTALE: Sjå bevaring av området rundt Bångråttjønn i samanheng. (Sjå 5.2.1.5.) Sterkt forfall av gamle driftbygningen på Myrvang. Ruin.

5.2.5.12. OMRÅDE: Dønfoss.

OMTALE: Spesielt satsingsområde. Elfgangstanlegg - Allmenningmuseum. Gjennom museet vise allmenningshistorie generelt og bruke døme frå Skjåk almenning for å illustrere historia.

2001-2009: *Besøksanlegg bygt med utstilling av skogsreidskap og jakt- og fangst utstyr, samt modelar for bruk av vatnet*

5.2.5.13. OMRÅDE: Bråtågrenda - Brekk-Slette.

OMTALE: Gamal teigstruktur. Gamle gardar med opphavelag bygningsmasse.

2001-2009: *Bråtå Grendalag har hatt fleire gode idear for å ta vare på og utvikle grenda.*

5.2.5.14. OMRÅDE: Skjellom.

OMTALE: Seter med spesiell plassering i snaufjellet.

2001-2009: *Ingen aktivitet*

5.2.5.15. OMRÅDE: Slirstrond.

OMTALE: Seter i skogsterreng.

2001-2009: *Fleire hus restaurerte.*

5.2.5.16. OMRÅDE: Botn.

OMTALE: Seter i randsona til Honnsrøve barskogreservat, urskogområde.

2001-2009: *Honnsrøve barskogreservat verna 10.juni 2005*

5.2.5.17. OMRÅDE: Framruste.

OMTALE: Seterstul i skoggrensa. Mykje intakt bygningsmasse.

Sjå stulen saman med fløytningsdam i Framruste.

2001-2009: *Fløytningsdammen er sterkt forfallen siste åra.*

5.2.5.18. OMRÅDE: Kollungen

OMTALE: Seter i fjellskog.

2001-2009: *Marlo og Harsheim har restaurert fleire hus.*

5.2.5.19. OMRÅDE: Sota.

OMTALE: Seterstul i fjellskog.

Spesielt satsingsområde for reiseliv.

2001-2009: *Sygdard Grimstad har restaurert seterhuset*

5.2.5.20. OMRÅDE: Mysubytta.

OMTALE: Seter i skoggrensa. Sjå den i tilknytning til urskogområde
Røykjeskålsli.

2001-2009: *Breheimen verna. Mysubytta landskapsvernområde
opprett. Restaurert fleire hus.*

5.2.5.21. OMRÅDE: Lomseggen.

OMTALE: Området har vore svært mykje brukt i jakt og fangstsamanheng.
Området har spesielt mange fangstanlegg for rein og denne
utbygginga bør kvalifisere området til eit heilt spesielt
område i natur/kulturlandskapsamanheng.

2001-2009: *: Sterk fokus på funn i brear p.g.a. nedsmelting. Mange
gjenstandsfunn på Moldurbreen, Lendbreen og Åndbreen.
Fylkeskonervatoren på synfaring 2007. Eige klimaprojekt.*

5.2.5.22. OMRÅDE: Vigstadvasstaket.

OMTALE: Vatningssystem som fører vatnarvatn til bygds.

2001-2009: *Legging av røyr over enkelte strekningar. Restaurert.*

5.2.5.23. OMRÅDE: Honnsjoen(Lom grense) - Aura.

OMTALE: Eit grovt arrondert område som omfattar fyrst og fremst mange
system for vatnarvatn, og i tillegg mange fangst-lokalitetar.

2001-2009: *Knubbetjønne er demt og vatnet frå Honnsjogroven renn ned i
tjønna før det renn ned i bygda. Sikrar vatn til mange gardar.*

5.2.5.24. OMRÅDE: Bispberget-Aursjo-Vasstakhø-Krokåtetjønn.

OMTALE: Område med fleire vatningssystem og fornminne.

2001-2009: *Planar om å ruste opp vassveg frå Lykretjønn*

Rusta opp vassvegen frå Flåtåtjønn og fram på kanten til bygda.

5.2.5.25. OMRÅDE: Dugurdshaugen - Flækøyhø.

OMTALE: Område med fleire vatnarsystem.

2001-2009: *Vedlikehald av vassvegar*

5.2.5.26. OMRÅDE: Øyberget - Heggeå - Stamåtjønn.

OMTALE: Vatnarvatn og veitsystem for framføring av nok vatn til
Heggeåsaga.

2001-2009: *Det er bygt ny veg til Heggeåsaga. Denne vart lagt i framkant
av fundament for troa som gjekk over vegen og veita er inntakt.
Under planlegging hyttefelt i området.*

5.2.5.27. OMRÅDE: Oppnosi/Brennskogen.

OMTALE: Nedlagt vassveg frå Bjønnaskriu.

2001-2009: *Brennveita grovrydda i perioden.*

5.3. SPESIELLE FELT SOM TRENG OMTALE.

5.3.1. Hus i bygda.

I Skjåk har vi ikkje noko bygdatun. Målet har vore at hus skal takast vare på på sin opphavslege plass og i sitt opphavslege miljø.

Vi har derfor heller ikkje noko erfaring med eller midlar for å sikre bygningar. Når så enkeltsaker kjem opp, har det ein tendens til å "-å kome som julekvelden på kjerringa." Jfr. Skamsarstugu til Skjåk Historielag, Kommunehuset i Marlo osv. Gjennom SEFRAK-registreringa og befaringar veit vi at mange hus - heile tun står for fall. Kva gjer vi med dette?

Revisjon 2001: Problematikken har ikkje endra seg. Det vert derimot konstatert at forfallet fortset. Eindel enkeltobjekt er redda frå forfallet gjennom SMIL-ordninga. Nokre har fått midler frå kulturminnefondet.

5.3.2. Hus utanfor bygda.

Svært mange hus er flytte frå Skjåk og til andre stader i landet. Spesielt Maihaugen og sentrale delar av Austlandet har mykje av bygningsmassa.

Korleis kan vi utnytte dette positivt på nokon måte?



Buodden .Buodden ligg i Finndalen statsallmenning og høyrer til Kjeika. Huset kan representere den verksemnda som folk frå Skjåk har hatt i andre område.

5.4. UTGREIING OM DEI ENKELTE TILTAKA I HANDLINGSPROGRAMMET.

1. Hefte om dikteren Jan Magnus Bruheim 1914-1988.

Det er behov for almen informasjon om dikteren og diktinga hans – ein biografi. For å få gjort dette på ein skikkeleg måte må det leigast inn ein kyndig person som kan skrive både om dikteren som person og om diktinga hans. Ein annan måte å gjere det på er å invitere fleire personar til å skrive om Bruheim og samle dette for utgjeving. I eit slikt tiltak må det og liggje publisering i form av t.d. kostnader for å trykke opp eit hefte i t.d. 1000 eksemplar. Det kan vere aktuelt med ein dialog mot forlaga Bruheim brukte, Aschehoug og Noregs Boklag for eit samarbeid om dette. 2014 ligg ikkje inne i planperioden, men arbeidet bør kome i gang i perioden og avsluttast i neste. Målsettinga er å få utarbeidd trykkeklaart manus til haust 2013 og at det blir engasjert ein kompetent person som i løpet av 2012-2013 kan skrive manus. Trykking kjem i 2013 med forskottering frå kommunen.

Tidsperspektiv: 2014 (100 år sidan Bruheim vart født)

Økonomi: Honorar forfattar, korrektur, bildetilfang. Kr. 600.000

Trykking: 1000 ex. kr. 200.000.-

2. Tore Ørjasæter (1886 – 1968).

I 2011 er det 125 år sidan Tore Ørjasæter vart fødd. Det er planar om å få til ein minnetilstelning. Få til ei "Ørjasæterhelg" med besøk i diktarstugu hans og området rundt i Bråtå, evt. kyrkje arrangement, Bjørkås arr. m.m. Skjåk kommune med hjelp av Bråtå Grendelag er ansvarleg. Velge nemnd desember 2009.

Økonomi: 2010: Kr. 10.000 - 2011 kr. 50.000,-

3. Hefte med dikt etter Olav Øygard (1885-1960).

Alle dikta etter Olav Øygard er samla og gjennomgått. Desse er aldri publiserte samla og det er ynskeleg å få gjeve ut eit hefte med desse.

I 2010 er det 125 år sidan Øygard var født og 50 år sidan han døyde.

Tidsperspektiv: 2010

Økonomi: Honorar for oppsett og gjennomgang samt trykking + lansering og arrangemenr(markering). Kr. 50.000,-

4. Jakt- og fangstkultur.

Det er gjeve ut bok om stovilt og fiske. Det manglar innsamling og presentasjon av småvilt.

Økonomi: Innsamling av stoff og skrivning av manus/samling av bilde 150.000 + 50.000 frå andre. Evt. Forskuttere trykking i tillegg.

5. Ungdomshuset Nordheim.

Ungdomshuset står på Nordre Hyrve sin grunn. Festekontrakt med eigaren gjekk ut for nokre år sidan så huset har ikkje heimel for å bli ståande der lenger.

Eigaren av Hyrve vil ha huset fjerna. Det har vore arbeidd med å få huset flytta til tomt ved Dønfoss Grendehus, men det har ikkje vore økonomi til ei slik flytting. Det bør skje noko raskt med huset.

Hausten 2009 vart det kalla saman til møte og oppnemnt ei nemnd som består av Magnhild Åndheim, Jakop Moen, Ola Flåtten, Susanne R. Brenna og Oddbjørg Dagsgard. Nemnda vil arbeide med å skaffe pengar for å ta vare på huset ein annan stad.

Økonomi: Ikkje avklart

6. Stemneplassen –ref. sentrumsplan.

Sentrumsplannemnda for Bismo som no er i slutfasen av sitt arbeid har konkludert med følgjande:

Stemneplassen skal bestå, men sidan det gamle kommunehuset no mest truleg blir disponert til kyrkjestugu fell mykje av planane vinkla mot kulturminnevern bort. Nmenda har likevel kasta fram tankar om at heile området frå Autoservica til Gamleheimstredet kunne nyttast til bygdatur og utstillingar, men at ein må sjå dette i samanheng med andre satsningar i kommunen.

Økonomi: Sjå sentrumsplanen

7. Den gamle vatningskulturen.

Den gamle vatningskulturen er sentral i Skjåk si historie og grunnlaget for at den er eit blømande jordbruk i bygda.

Dei mange vassvegane og andre tekniske måtar å bruke vatnet på vitnar om dette. I språket er det og mange uttrykk

og namn som er knytt til bruken av vatnet, korleis bruken arta seg, væruttrykk knytt til vatning og stadnamn.

Skjåk har paradoksalt nok både mykje vatn (fordi vi ligg oppe i vannskiljet i sør Norge) og lite vatn (fordi vi ligg i regnskuggen).

Vatnet bør utviklast som eit profileringselement, mykje sterkare enn det er i dag. Jf. "Den blå tråden" foreslege av Sæbjørn Forberg

gjennom Skjåkprosjektet. Det bør utarbeidast ein eigen prosjektplan for dette med fokus på vatnet som profileringselement.

Det er her prat om fleire element som kan blir viktige for Skjåk: Profilering, merkevarebygging, fysiske tilretteleggingar osv.

For å kome vidare med dette tema så må det utgreiast vidare kva ein vil satse på.

Med bakgrunn i det materiale som er samla gjennom registreringane i marka så bør ein prøve å få mangfaldiggjort ein kort historikk for vassvegane for kvart delområde i bygda ut ifrå registreringane.

Dette bør supplerast med nettbasert digitale kart som viser vassvegssystema med delingar og spesielle objekt.

Tidsperspektiv: 2010-2013

Økonomi: Forprosjekt kr. 15.000,-

8. Lokalhistorisk undervisning.

Barnehage og skule har saman arbeidd fram eit opplegg for bruk av tradisjonsstoff over eit breitt spekter i si verksemnd. I samband med planarbeidet er det laga eit opplegg for dette til bruk i skulane og barnehagane.

Tidsperspektiv: Utgreitt 2008 og 2009, klart for drift hausten 2010.

Økonomi: -

9. Aura Kraftverk

Restaurering og tilrettelegging av anlegget for publikum. I samband med utskifting av tilløpsrøyr er det delvis tilrettelagt oppover til inntaket med utstilt

Lengder av den gamle røyra.

Økonomi: Økonomi ansvar: Skjåk Energi + eksternt

10. Innsamling av kjeldetilfang – sikring og tilgang for almenta

I tidlegare planar har det vore fokusert på å samle tradisjonsstoff om eindel avgrensa felt. Det ligg svært mykje stoff tilfang rundt omkring

som ikkje er systematisert slik at det er lett tilgjengeleg. Ein kan blant anna nemne KU-rapportar etter kraftutbyggingar og naturvernprosessar.

Økonomi: I gang, men bør prioriterast sterkare gjennom prosjekt og innhenting av eksterne midler.

6.0. Handlingsprogram 2010 – 2014

| TILTAK/ÅR | Ansvar | Henv. til planen | Sum/Tiltak | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|--|--------------------------|------------------|------------------|--------|--------|---------|------------|
| 1. Jan Magnus Bruheim 1914 - 1988 | Skjåk kommune | | | | | 300.000 | 500.000**) |
| 2. Markering Tore Ørjasæter 2011 125 år sidan født | Kommunen/Bråtå Grendalag | | 60.000 | 10.000 | 50.000 | | |
| 3. Hefte med dikt etter Olav Øygard (1885-1960) | Skjåk kommune | | 50.000 | 50.000 | | | |
| 4. Jakt- og fangstkultur | Skjåk kommune | | 150.000*) | 75.000 | 75.000 | | |
| 5. Ungdomshuset Nordheim | Nemnd for utgreiing | | Blir utgreidd | | | | |
| 6. Stemneplassen –ref. sentrumsplan | Skjåk kommune | | Ref. sentrumspl. | | | | |
| 7. Den gamle vatningskulturen | Skjåk kommune | | Eksternt***) | | | | |
| 8. Lokalhistorisk undervisning | Skjåk kommune | | Ingen kostnad | | | | |
| 9. Aura kraftverk | Skjåk Energi | | Eksternt****) | | | | |
| 10. Innsamling av kjeldetilfang-sikring og tilgjenge | Skjåk kommune | | Eksternt | | | | |

*) kr 50.000 eksternt finansiering

***) Inkludert kr.200.000 i forskottering av trykking av boka – inntening at ved sal over fleire år etter.

****) Midler frå Norsk Kulturfond og verdiskapingsprosjektet for kulturminne.

*****) Skjåk Energi

Saksgang ved revisjon av kulturminnevernplan:

1. Nemnda går igjennom tilsendt handlingsplan og plan for øvrig for endeleg konklusjon, og sender samla plan over til Kulturutvalet.
2. Kulturutvalet gjer vedtak om å leggje planen ut på høyring i 30 dagar.
3. Kulturutvalet behandlar høyringa og kjem med forslag om å vedtak av planen.
4. Planen blir lagt fram for formannskapet.
5. Planen blir lagt fram for kommunestyret for endeleg vedtak.

Vedlegg:

Referanseliste:

Kulturminnelova

Kommuneplan for Skjåk 2006-2016


Oppland fylkeskommune - Handlingsplan for kulturminnevern 2007-2010

NIKU Tema 2, Fortidens minner i dagens landskap-status for automatisk fredete kulturminner, Oppland 2002

NIKU Tema 4, Fortidens minner i dagens landskap-status for automatisk fredete kulturminner, Oppland 2007

Jørn Holme-ØKOKRIM: Kulturminnevern band I og II, 2.utgave 2005

***”VI MÅ LÆRE OM FORTIDA,
FOR Å FORSTÅ NÅTIDA,
SLIK AT VI KAN STYRE FRAMTIDA”***



Skjåk kommunes kulturminne-tørkestugu ved Skamsarbrua, teikning Dagny Dalen

